



## Notat

Dato: 24.07.2018  
Arkivsak: 2014/14561-100  
Saksbehandlar: evataul

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål frå FUV i PS 179/18 Fråsegn til reguleringsplan for Smålonane og søknad om samtykke til etablering av handelsareal - Fjell kommune

<b>PS 179/18 Fråsegn til reguleringsplan for Smålonane og søknad om samtykke til etablering av handelsareal - Fjell kommune</b>	
Anne-Beth Njærheim, V, og Roald Stenseide, Frp	Saka vert lagt fram med tre punkt der vedtak vert gjort i KIRU og eit punkt der vedtak vert gjort i FUV. Det vart stilt spørsmål til vedtaksmynde og om ulike vedtak i FUV vil slå vedtaka frå KIRU i hel.

#### Om delegasjon i Hordaland fylkeskommune

Etter delegasjonsreglementet tek Fylkesutvalet avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegasjonsvedtak er lagt til anna organ. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) har etter delegasjonsreglementet avgjerdsmynde når det gjeld «fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar.» KIRU gjev tilråding i «saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov.»

Når det gjeld delegasjon etter særlov har KIRU etter *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008(Plan- og bygningslova)* §§ 5-4,11-14 og 11-16 fullmakt til å gi fråsegn og fremja motsegn til planforslag.

Det er delegert til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 (vedtak i Fylkestinget 10.12.14).

#### Om motsegn etter plan- og bygningslova

Fylkeskommunen kan fremje motsegn til planforslag som reguleringsplan eller kommuneplanens arealdel, i spørsmål som er av vesentleg regional verknad. Mål og retningslinjer i regional plan gjev heimel for motsegn. Dersom det vert fremja motsegn mot eit kommunalt planforslag kan ikkje kommunen vedta planen slik den ligg føre. Dei fleste motsegner blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje vert semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen før den evt vert sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

#### Om samtykkehandsaming

Regional føresegn for handel set krav om samtykke frå fylkeskommunen når handelsareal overstig 3000 m<sup>2</sup> i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve. Når det gjeld samtykkehandsaming av saker som gjeld byggjeløyve/rammeløyve til handelsareal vil KIRU få saka til tilråding og FUV gjere vedtak om samtykke. Når det gjeld samtykkehandsaming av saker som gjeld handelsareal i reguleringsplan har KIRU vedtaksmynde for å fremje motsegn til reguleringsplanen, medan det er delegert til FUV å gjere vedtak om samtykke.

Etter denne delegasjonen vil det vere høve til at KIRU fremjar motsegn til reguleringsplanen og FUV gjev samtykke til handelsareal, eller at KIRU ikkje har merknader til reguleringsplanen medan FUV vedtar å ikkje gje samtykke til handelsareal.

#### Om tilhøve mellom motsegn og samtykke

Ved motsegn kan ikkje kommunen vedta plan som har vore på høyring. Det er planen som heimlar utbygging. Sjølv om det vert gjeve samtykke til handelsareal, kan ikkje tiltakshavar sette i verk utbygging. Dermed vert KIRU sitt vedtak om motsegn ståande.

I ei sak der KIRU ikkje fremjar motsegn til reguleringsplan, men FUV likevel ikkje gjev samtykke til handelsareal, kan det heller ikkje setjast i verk utbygging av handelsareal. Planen kan elles vedtakast dersom det ikkje ligg føre andre motsegner.